

\*\*\* FOTOKORT \*\*\*

FAKf-0536.00001

Type: Positiv s/kv m. sølv

MOTIV: 17. mai, feiring, folkegruppe, lastebil, speidar,

Kommune: Sykkylven  
Distrikt: Aure  
Adresse: Aure  
Gnr.: 14.000

Datering: 1946-1950  
Format: 5.0 x8.0 cm  
Tilstand: Bra  
Klausul: Ingen  
Reg.: 15.02.2002 MHU



Fotograf:	Strømme, Petra Jakobine	Husmor	f.1910
Eigar:	Yksnøy, Inger Margrethe	Fabrikkarbeidar	f.1942
Informant:	Strømme, Petter Andreas	Sjåfør, bonde,	f.1938

Biletet er teke på grusbana der teglverket på Aure var ein gong, og i dag er det Sykkylven grasbane som ligg der. Petter A. Strømme (f.1938) står saman med speidarane. Lastebilen er ein International frå Amerika, som Lars Korsbrekke eigde. Han står i bakgrunnen. Han brukte denne lastebilen til å køyre sanden til huset han bygde på Aure omlag 1950 (Korsbrekkehuset). Grusen henta han der småbåthamna ligg i dag. Sanden lesste dei for hand, og han fekk hjelp frå ein del ungarar frå Hornindal. Dei var med på og hjelpte til med å bygge huset. (Minst ein vart verande igjen i Sykkylven og stifta familie) (Lokal registrering: Thor Willy Strømme: 11.11.2001.)

\*\*\* FOTOKORT \*\*\*

FAKf-0536.00002

Type: Positiv s/kv m. sølv

MOTIV: GruppeU20, bygning,

Kommune: Sykkylven  
Distrikt: Ramstaddal  
Adresse: Nysäter  
Gnr.:

Datering: 1932-1932  
Format: 8.0 x13.5cm  
Tilstand: Bra  
Klausul: Ingen  
Reg.: 15.02.2002 MHU



Fotograf:	Aurdal, Solveig Weiberg	Husmor, sjukepleiar	f.1902
Eigar:	Yksnøy, Inger Margrethe	Fabrikkarbeidar	f.1942
Informant:	Aure, Margrethe Hjørdis	Husmor	f.1916

Personane frå venstre: Arnold W. Aurdal. (f.1925), Elise Ringdal (1892.59), Bastian W. Aurdal, Ingrid Erstad (sjukepleiar) Dei to gutane framme er Bastian W. Aurdal og Bastian W. Aurdal, Nysäter-Louise, Gunne Nysäter, Karl Nysäter, ukjend. Dei tre bak frå venstre: Adolf W. Aurdal, Jan W. Aurdal., Margrethe Hugseth (f.1916.). I kjellaren var ein god brunn. Dei vart svært reinsame med tre-kjørelde sine. (Lokal registrering: Thor Willy Strømme: 27.12.2001).



\*\*\* FOTOKORT \*\*\*

FAKf-0536.00003

Type: Positiv s/kv m. sølv

MOTIV: Bil, søndagstur, passasjerar,

Kommune: Sykkylven  
Distrikt: Sykkylven  
Adresse: Sykkylven  
Gnr.:

Datering: 1930-1930 CA  
Format: 5.0 x8.0 cm  
Tilstand: Nokså bra  
Klausul: Ingen  
Reg.: 15.02.2002 MHU



Fotograf:	Ukjend		
Eigar:	Yksnøy, Inger Margrethe	Fabrikkarbeidar	f.1942
Informant:	Strømme, Petter Andreas	Sjåfør, bonde,	f.1938

Bastian Haugseth tok gjerne med seg naboar på søndagstur, dette er frå ein av desse turane. Bak frå venstre er Arne Grebstad, og to ukjende. Ho som står er Solveig Fausa, Astrid Lyshol og Petra Jakobine Haugset (f.1910-d.1999) g. Strømme. Den som sit fremst i bilen, bak Petra, er Kristian Fet. Dette er den fyrste bilen som kom til Sykkylven. Det var Bastian Haugset frå Åmundgarden som eigde den. Han hadde med bilen frå USA. (Lokal registrering: Thor Willy Strømme: 05.02.2002.)

\*\*\* FOTOKORT \*\*\*

FAKf-0536.00004

Type: Positiv s/kv m. sølv

MOTIV: Bil, passasjerar, veg, bygning,

Kommune: Sykkylven  
Distrikt: Velledalen  
Adresse:  
Gnr.:

Datering: 1930-1935  
Format: 5.0 x8.0 cm  
Tilstand: Nokså bra  
Klausul: Ingen  
Reg.: 15.02.2002 MHU



Fotograf:	Ukjend		
Eigar:	Yksnøy, Inger Margrethe	Fabrikkarbeidar	f.1942
Informant:	Strømme, Petter Andreas	Sjåfør, bonde,	f.1938

Dette er Jakob Velle som starta med å køyre drosje i Sykkylven. Han som køyrer er Jakob Velle, dei andre i bilen er ukjende. Dette er bilen som han tok med heim frå USA. (Lokal registrering: Thor Willy Strømme: 05.02.2002.)

\*\*\* FOTOKORT \*\*\*

FAKf-0536.00005

Type: Positiv s/kv m. sølv

MOTIV: PortrettU, mann, hest, hesje,

Kommune: Sykkylven  
Distrikt: Grebstad  
Adresse: Klokkergarden  
Gnr.: 7.000

Datering: 1928-1928  
Format: 8.0 x5.0 cm  
Tilstand: Bra  
Klausul:  
Reg.: 15.02.2002 MHU



Fotograf:	Ukjend		
Eigar:	Yksnøy, Inger Margrethe	Fabrikkarbeidar	f.1942
Informant:	Strømme, Petter Andreas	Sjåfør, bonde,	f.1938

---

Det er Alfred Olaus Strømme (f.1909-d.1994), her saman med hesten Vega "Gamle Brunå". I bakgrunnen ser vi ei hes som det er brukt troer på i staden for streng. Troa var festa til stauren med vidje (hesband). Fjellet i bakgrunnen er Kjellinghammeren. Dei brukte treng elles i hesa. (Lokal registrering: Tor Willy Strømme: 05.02.2002.)



\*\*\* FOTOKORT \*\*\*

FAKf-0536.00006

Type: Positiv s/kv m. sølv

MOTIV: PortrettU, mann, arbeid, spann, spade, skog,

Kommune: Sykkylven  
Distrikt: Aure  
Adresse: Solbakken  
Gnr.: 14.000

Datering: 1928-1928  
Format: 8.0 x5.0 cm  
Tilstand: Bra  
Klausul: Ingen  
Reg.: 15.02.2002 MHU



Fotograf:	Ukjend		
Eigar:	Yksnøy, Inger Margrethe	Fabrikkarbeidar	f.1942
Informant:	Strømme, Petter Andreas	Sjåfør, bonde,	f.1938

Her står Alfred Olaus Strømme (f.1909-d.1994) som står ved flaken, der dei blanda sand og sement på for hand. Eltemaskina var da ikkje oppfunnen. Huset bygde Carl (1865-1952) og Marie (1879-1958) Strømme. I dag er det Inga Lied (f.1925) som bur og eig huset. (Lokal registrering: Tor Willy Strømme: 05.02.2002.)

\*\*\* FOTOKORT \*\*\*

FAKf-0537.00001

Type: Positiv s/kv m. sølv

MOTIV: Gruppe4, kafe, personale,

Kommune: Sykkylven  
Distrikt: Ikornnes  
Adresse: Solborg kafe  
Gnr.:

Datering: 1957-1958  
Format: 8.0 x5.0 cm  
Tilstand: Særs bra  
Klausul: Ingen  
Reg.: 15.02.2002 MHU



Fotograf:	Ukjend		
Eigar:	Skrede, Annbjørg	Husmor	f.1931
Informant:	Skrede, Annbjørg	Husmor	f.1931

Frå venstre: Annbjørg Skrede, Hans Strand, (kjøpmann) Inger Jarnes, gift Fet, Karsten Våtmyr, kjærast til Inger. Dei to jentene arbeidde på kaféen som serverte mat til arbeidarane på Solborg på Ikornnes (kokelag.) Solborg var driven av Gerd og Peder Hole. (Lokal registrering: Eldar Høidal 05.02.2002.)



\*\*\* FOTOKORT \*\*\*


FAKf-0537.00002

Type: Positiv s/kv m. sølv

MOTIV: Fabrikk, konfeksjonsindustri, symaskiner, kvinner, mann,

Kommune: Sykkylven  
Distrikt: Vik  
Adresse: Viko Konfeksjonsindustri  
Gnr.:

Datering: 1947-1952  
Format: x cm  
Tilstand: Særs bra  
Klausul: Ingen  
Reg.: 15.02.2002 MHU



Fotograf:	Ukjend		
Eigar:	Skrede, Annbjørg	Husmor	f.1931
Informant:	Skrede, Annbjørg	Husmor	f.1931

Sysalen i konfeksjonsfabrikken AS Viko Konfeksjonsfabrikk, starta i 1939 av Olav O. Vik og Bjarne Enstad. Dame stående bak: Annbjørg Skrede f. Straumsheim. Nr. 3 frå høgre bak: Anne Lade, framfor henne: Sanna Klokkehaug, .... Storvik (fremst t.h.) (Lokal registrering: Eldar Høidal 08.02.2002.)



**\*\*\* FOTOKORT \*\*\***

**FAKf-0537.00003**

Type: Positiv s/kv m. sølv

**MOTIV: Skule, klasserom, elevar, lærar,**

Kommune: Sykkylven  
Distrikt: Tandstad  
Adresse: Tandstad skule  
Gnr.:

Datering: 1910-1910  
Format: x cm  
Tilstand: Nokså bra  
Klausul: Ingen  
Reg.: 15.02.2002 MHU



<b>Fotograf:</b>	Ukjend		
<b>Eigar:</b>	Skrede, Annbjørg	Husmor	f.1931
<b>Informant:</b>	Skrede, Annbjørg	Husmor	f.1931

---

Elevar ved Tandstad skule ca. 1910. Lærar Ole Strømme, f.v. ?, Alfred Tandstad, Bernt Tandstad, Hans Straumsheim. (Lokal registrering: Eldar Høidal 08.02.2002.)

\*\*\* FOTOKORT \*\*\*

FAKf-0537.00004

Type: Positiv s/kv m. sølv

MOTIV: Gruppe8, menn, arbeidarar, juleavslutning,

Kommune: Sykkylven  
Distrikt: Straumgjerde  
Adresse:  
Gnr.:

Datering: 1962-1964  
Format: x cm  
Tilstand: Bra  
Klausul: Ingen  
Reg.: 15.02.2002 MHU



Fotograf:	Ukjend		
Eigar:	Skrede, Annbjørg	Husmor	f.1931
Informant:	Skrede, Annbjørg	Husmor	f.1931

Tilsette, leiing ved Emco Straumgjerde på juleavslutning ca. 1962. Frå venstre Martin Tandstad, Johan Kleppe, ?, Karl Johan Emdal, Olav Straumsheim, Karl Emdal, Petter M. Straumsheim, Ole Fausa, Olav Tandstad. (Lokal registrering: Eldar Høidal 08.02.2002.)



\*\*\* FOTOKORT \*\*\*

FAKf-0537.00005

Type: Positiv s/kv m. sølv

MOTIV: Gruppe7, medaljeutdeling, arbeidrarar, menn, kvinne,

Kommune: Sykkylven  
Distrikt: Straumgjerde  
Adresse:  
Gnr.:

Datering: 1969-1969  
Format: x cm  
Tilstand: Bra  
Klausul: Ingen  
Reg.: 15.02.2002 MHU



Fotograf:	Ukjend		
Eigar:	Skrede, Annbjørg	Husmor	f.1931
Informant:	Skrede, Annbjørg	Husmor	f.1931

Utdeling av Norges Vels medalje for lang og tru teneste ved Emco Straumgjerde i 1969. Bak frå venstre: Alfred Riksheim, Hans Straumsheim, Ellen Emdal, Hjalmar Straumsheim, Syver Nakken. Framme frå venstre: Karl Emdal, Karl Johan Emdal. (Lokal registrering: Eldar Høidal 08.02.2002.)

\*\*\* FOTOKORT \*\*\*

FAKf-0537.00006

Type: Positiv s/kv m. sølv

MOTIV: GruppeU6, tømmerhoggarar, gruppe, utvandrarar,

Kommune: Sykkylven

Distrikt: Sykkylven

Adresse: USA

Gnr.:

Datering: 1923-1930

Format: x cm

Tilstand: Nokså bra

Klausul: Ingen

Reg.: 15.02.2002 MHU



Fotograf: Ukjend

Eigar: Skrede, Annbjørg

Informant: Skrede, Annbjørg

Husmor

Husmor

f.1931

f.1931

---

Norske utvandrarar i tømmerfelta ved Polson Camps i USA. Ingvald Straumsheim øvst til venstre. Truleg nær 1930, då han flytta tilbake til Sykkylven. (Lokal registrering: Eldar Høidal 08.02.2002.)



\*\*\* FOTOKORT \*\*\*

FAKf-0537.00007

Type: Positiv s/kv m. sølv

MOTIV: GruppeU30, husmorlag, tur, landskap,

Kommune: Sykkylven  
Distrikt: Sykkylven  
Adresse:  
Gnr.:

Datering: 1930-1940  
Format: x cm  
Tilstand: Nokså bra, men  
Klausul: Ingen  
Reg.: 15.02.2002 MHU



Fotograf:	Ukjend		
Eigar:	Skrede, Annbjørg	Husmor	f.1931
Informant:	Skrede, Annbjørg	Husmor	f.1931

---

Husmorlaget i Sykkylven på tur innover fjordane ein gong i 1930-åra. Framme frå venstre Ragnhild Straumsheim, nr. 5 Janne Tandstad. (Lokal registrering: Eldar Høidal 08.02.2002.)

\*\*\* FOTOKORT \*\*\*

FAKf-0537.00008

Type: Positiv s/kv m. sølv

MOTIV: Fiske, brugdefiske, menn,

Kommune: Sykkylven  
Distrikt: Sykkylven  
Adresse:  
Gnr.:

Datering: 1925-1925  
Format: x cm  
Tilstand: Dårlig  
Klausul: Ingen  
Reg.: 15.02.2002 MHU



Fotograf:	Ukjend		
Eigar:	Skrede, Annbjørg	Husmor	f.1931
Informant:	Skrede, Annbjørg	Husmor	f.1931

Tekst på biletet: "Med Muggur 1925 i ferd med å kaste line." Adolf Kvalsund kastar, Johan Rasmussen, Knut Hessen, slår i hop. Dei agnar med fleisk eller kjøt, store bitar for brugda er ein stor fisk, stappfull av lever. Det var berre den dei brukte, fisken kasta dei. (Lokal registrering: Eldar Høidal 08.02.2002.)



**\*\*\* FOTOKORT \*\*\***


**FAKf-0538.00001**

Type: Positiv s/kv m. sølv

**MOTIV: Gravferd, gruppeU40, bygning,**

Kommune: Sykkylven  
Distrikt: Velledalen  
Adresse: Holen  
Gnr.: 31.003

Datering: 1938-1938  
Format: 9.0 x14.0cm  
Tilstand: Nokså bra  
Klausul:  
Reg.: 15.02.2002 MHU



Fotograf: Grebstad, Selmer  
Informant: Hole, Jon  
Informant: Hole, Jon

Sjåfør f.1909  
Rådgjevar, pensjonist, f.1930  
Rådgjevar, pensjonist, f.1930

Gravferda til Anne Oline Sivertsdotter Hole f. Hjorthol (1863-1938). Hans J. Hole, son til den avlidne, er nesten ferdig med tilbygget til gamlehusa. Næraste slekta til den avlidne står rundt kista. Til venstre: Alvhild, bak henne Jon, til høgre Kjellaug. Desse tre er borneborna til Anne Oline. Bak: Olina Hole, g. med nr. 2, Hans J. Hole, Lars Holen, Anna Hole, g. med nr. 5, Peter J. Hole, Petra Hole, dotter til den avlidne. Garssogn for S, II, s.604-605. Den gongen (og heilt fram til 1950-åra) var det vanleg å ha ei samling i heimen på gravferdsdagen. Slekt og vener møtte fram, og det var vanleg å be (invitere) til gravferda.

Elles var det faste reglar om kven som skulle kome. I tillegg til slekta var det alle på garden, d.v.s. unge og gamle frå alle dei elleve tuna på Hole. Dei fekk alltid mat og kaffi. Presten var ofte til stades og heldt ei andakt, eller ein lokal person var til stades og heldt ein tale over den avdøde. Også andre hadde høve til å seia nokre minneord. Salmesong. I einskilde gravferder blei loket teke av kista slik at dei som ville kunne få sjå den døde, men den skikken var det stort sett slutt med i 1930-åra, det eg kan hugse. Berre i ei gravferd kan eg hugse at dette vart gjort. Kista var kjørd med hest og hjulslede til riksvegen, derifrå vart det brukt lastebil til kyrkja på Aure.

Som oftast var det Oskar Hole på Brudevoll som sytte for transporten. Med lastebilen sin (som han miste på Åndalsnes i krigshandlingane i 1940) kjøyrde han turistar og anna ferdafolk, grus og sand, og elles alt som skulle transporterast. Dei som skulle vere med til kyrkja, var som regel karar av næraste slekta, dessutan nokre frå garden, oftast berre mannfolk. Dei måtte finne seg plass på lasteplanet saman med kista. Når det mest berre var mannfolk med, var det vel p.g.a. den noko ubekvemme transporten, men også fordi dei som var med, skulle hjelpe til med å kaste att grava. Av og til kunne det hende at desse fekk mat på kafeèn på Aure. (Bondestova i det gamle sparebankbygget.) (Lokal registrering: Jon Hole 12.01.2001.)

\*\*\* FOTOKORT \*\*\*


FAKf-0538.00002

Type: Positiv s/kv m. sølv

MOTIV: Bygningar, løe, tun, hus, fjell,

Kommune: Sykkylven  
Distrikt: Velledalen  
Adresse: Holen  
Gnr.: 31.003

Datering: 1928-1928  
Format: 9.0 x14.0cm  
Tilstand: Nokså bra  
Klausul: Ingen  
Reg.: 18.02.2002 MHU



Fotograf: Hole, Sivert  
Informant: Hole, Jon  
Informant: Hole, Jon

Skogsarbeidar f.1892  
Rådgjevar, pensjonist, f.1930  
Rådgjevar, pensjonist, f.1930

Gamleløa på Holen var til nedfalls, og i 1928-30 bygde Hans J. Hole den nye løa. Han var van med å arbeide med stein og grus etter mange års arbeid på Rv. 60, Sykkylven-Stranda. Mykje av arbeidet gjorde han sjølv, men hadde og god hjelp av farbroren Edvard Tandstad. Han hadde lang røynsle med stein og maurarbeid, noko han dreiv med heilt opp til høg alder, til han var omkring 80 år. Til reiseverket m.m. fekk han hjelp av ein bygningsmann som heitte Hellebostad. Han var frå Sunnylvlen. I forgrunnen: gamal material, truleg frå gamleløa. I bakgrunnen gamlestova med torvtak. Midt i tunet står tuntrea (som no er borte), dessutan ein stolpe for elektrisk kraft. På den provisoriske låvebrua står Hans heilt til venstre, Hellebostad til høgre. (Lokal registrering: Jon Hole 12.01.2001.)



\*\*\* FOTOKORT \*\*\*

FAKf-0538.00003

Type: Positiv s/kv m. sølv

MOTIV: Fredsfeiring, folkesamling, bygningar,

Kommune: Sykkylven  
Distrikt: Velledalen  
Adresse: Velle  
Gnr.: 26.001

Datering: 1945-1945  
Format: 6.0 x9.0 cm  
Tilstand: Bra  
Klausul: Ingen  
Reg.: 18.02.2002 MHU



Fotograf: Drabløs, Lars Hole  
Informant: Hole, Jon  
Informant: Hole, Jon

Kjøpmann f.1919  
Rådgjevar, pensjonist, f.1930  
Rådgjevar, pensjonist, f.1930

Det er fred! Velledalen. 8.mai 1945 på Velle i Velledalen. Freden er eit faktum, og grendefolket på Velle, Dravlaus og Fet har samla seg for å høyre siste nytt på radio. Under krigen var det straffbart å høyre på radio, men likevel var det somme som hadde greidd å gøyme unna eit apparat, slik at dei fekk høyre på nyheitene frå London og Sverige. Her sit folket langs vegen att med Bastiangarden. Der hadde dei radio under heile krigen, men fyrst denne dagen kunne dei ta han fram og lytte utan frykt. Dei hengde høgtalarar ut gjennom stovevinduet slik at folk kunne høyre. I bakgrunnen sit frå venstre Karl Fet, Nils Johan Drabløs og Fredrik Drabløs. Heilt til venstre Knut Hjorthol (Buda-Knut) med trøsykkel og postsekken på bagasjeberaren. I bakgrunnen tunet i Bøtelgarden. Sjå også neste bilde. (Lokal registrering: Jon Hole 12.01.2001.)

**\*\*\* FOTOKORT \*\*\***

**FAKf-0538.00004**

Type: Positiv s/kv m. sølv

**MOTIV: Fredsfeiring, folk, festklede, bygningar, bensinstasjon, faner, flagg,**

Kommune: Sykkylven  
Distrikt: Sykkylven  
Adresse: Aure  
Gnr.:

Datering: 1945-1945  
Format: 10.0x15.0cm  
Tilstand: Bra  
Klausul: Ingen  
Reg.: 18.02.2002 MHU



Fotograf: Ukjend  
Informant: Hole, Jon  
Informant: Hole, Jon

Rådgjevar, pensjonist, f.1930  
Rådgjevar, pensjonist, f.1930

Det er fred! Aure. 8. mai på Aure. Her har folk samla seg att med bensinstasjonen for å høyre siste nytt. På taket av bensinstasjonen har Karl J. Welle sett opp ein høgtalar slik at alle skulle få høyre. Welle dreiv radio- og elektrisk forretning før krigen, men under krigen var det få radioar å reparere, for dei hadde tyskarane teke. Likevel var det nokre som hadde greidd å lure unna ein radio, og dei kunne då, med fare for å bli oppdaga og få streng straff, høyre på nyheiter frå utlandet. Og var det ein av desse hemmelege radioane som trong reperasjon, så kunne nok Welle (Kalle Welle, som han vart kalla) gi ei hjelpande hand. Mykje folk er samla, og i festklede. Lengst t.v. ei lita jente med norsk flagg (det hadde vore forbode under krigen.) Nokre kvinner har bunad. Elles er her to faner og eit stort norsk flagg midt i folkeflokken. Heilt t.v. litt av Privatbanken, deretter ein del av Wellehuset, bensinstasjonen og Roaldhuset. Det siste vart seinare flytt eit stykke opp i Storgata. I bakgrunnen Ramstadiuset og Nakkegjerde. Sjå også førre nr. (Lokal registrering: Jon Hole 12.01.2001.)



\*\*\* FOTOKORT \*\*\*

FAKf-0538.00005

Type: Positiv s/kv m. sølv

MOTIV: Songkor, ungdomslag, songarstemne,

Kommune: Stranda  
Distrikt: Sunnylvn  
Adresse:  
Gnr.:

Datering: 1924-1924  
Format: 6.0 x9.0 cm  
Tilstand: Nokså bra  
Klausul: Ingen  
Reg.: 18.02.2002 MHU



Fotograf: Ukjend  
Informant: Hole, Jon  
Informant: Hole, Jon

Rådgjevar, pensjonist, f.1930  
Rådgjevar, pensjonist, f.1930

---

Songkoret til ungdomslaget Samhald, Straumgjerde, på songarstemne i Sunnylvn sommaren 1924. Jentene frå venstre: Lina Riksheim, Klara Straumsheim, Laura Straumsheim, Anna Tandstad, Nilla Erstad, Lovise Riksheimgjerde, Palma Hjorthol, Synnøve Sandvik, Lovise Straumsheim, Lina Straumsheim, Palma Erstad. Gutane frå venstre: Jens Straumsheim, Alfred Riksheim, Petter Straumsheim, Jens Riksheim, Johan Riksheim, Martin Riksheim. Dirigent var Henrik Straumsheim. Før han var det Lars Drabløs som hadde koret, og, ei stutt tid, Johan Eidem. Frå omkring midten av 1920-åra var det Trygve Straume som overtok. (Lokal registrering: Jon Hole 12.01.2001.)

\*\*\* FOTOKORT \*\*\*

FAKf-0538.00006

Type: Positiv s/kv m. sølv

MOTIV: Skuleklasse, gruppeU22, elevar, lærar

Kommune: Sykkylven  
Distrikt: Straumgjerde  
Adresse:  
Gnr.:

Datering: 1905-1905  
Format: 9.0 x14.0cm  
Tilstand: Nokså bra  
Klausul: Ingen  
Reg.: 18.02.2002 MHU



Fotograf: Ukjend  
Informant: Hole, Jon  
Informant: Hole, Jon

Rådgevar, pensjonist, f.1930  
Rådgevar, pensjonist, f.1930

---

Sitjande f.v.: Karl P. Tandstad, Harald Strømmegjerde, Peder L. Strømmegjerde, Petter Konrad O. Hjorthol, Tomas P. Tandstad, Jens E. Tandstad, Arne C. Tandstad, Nils N. Riksheim. Bak: Torbjørg C. Tandstad, Karen O. Strømsheim, Olga K. Tandstad, Olava L. Drabløs, Helga H. Strømme, Kristine O. Strømme, Borghild Vigstad, Julie Strømme, Berta B. Strømsheim, Lovise A. Tandstad, Randi E. Tandstad. Lærar: Johan Eidem. (Lokal registrering: Jon Hole 12.01.2001.)



\*\*\* FOTOKORT \*\*\*

FAKf-0538.00007

Type: Positiv s/kv m. sølv

MOTIV: GruppeU9, menn, grensegang,

Kommune: Sykkylven

Datering: 1912-1914

905

Distrikt: Velledalen

Format: 8.5 x14.0cm

Adresse: Lade

Tilstand: Bra

Gnr.: 29

Klausul:

Reg.: 18.02.2002 MHU



Fotograf: Brudevoll, Ole S.

Ymse yrke, am.fotograf f.1884

Informant: Hole, Jon

Rådgjevar, pensjonist, f.1930

Informant: Hole, Jon

Rådgjevar, pensjonist, f.1930

---

Grensegang på Lade 1912-1914. Frå venstre: Andreas J. Lade, HauKnut-garden, Petter Velle (Valja-smeden), Knut Drabløs, Tore-garden, Karolus J. Drabløs (Bø-Karolus) Fredrik M. Fedt (Fitja-Fredrik), Ole Fet, Jogarden, Johan Hole, Haugen, Jens Petter Hjortdal, Pe-garden, Jakob Lade, HauKnut-garden. Bildet er teke etter ein grensegang i utmarka, dvs. dei hadde gått opp byteliner mellom teigane. (Lokal registrering: Jon Hole 12.01.2001.)

\*\*\* FOTOKORT \*\*\*

FAKf-0538.00008

Type: Positiv s/kv m. sølv

MOTIV: Vegarbeidarar, gruppeU6, menn, veg,

Kommune: Sykkylven

Datering: 1937-19371  
905

Distrikt: Velledalen

Format: 6.0 x9.0 cm

Adresse: Myrdalen

Tilstand: Bra

Gnr.:

Klausul: Ingen

Reg.: 18.02.2002 MHU



Fotograf: Ukjend

Informant: Hole, Jon

Informant: Hole, Jon

Rådgjevar, pensjonist, f.1930

Rådgjevar, pensjonist, f.1930

---

Veganlegget Sykkylven.Stranda 1937 I. Før arbeidet med den nye veglina gjennom Myrdalen til Stranda kom i gang, vart den gamle bygdevegen gjennom Velledalen både omlagd og utvida på fleire stadar. Det var ein god del strid i bygda om vegvalet til Stranda. Somme meinte at vegen burde gå gjennom Ladalen til Fausa, vidare over fjellet til Stranda. Andre heldt på ei vegline gjennom Myrdalen, forbi Myrdalsstølen og setrane som høyrer til Stranda. Det siste alternativet vann fram til slutt. Arbeidet på vegen vart for det meste utført som akkordarbeid. Kwart arbeidslag på 6-7 mann hadde ein akkordformann. Dette arbeidslaget hadde ein akkord på vegen ovanfor Myrdalsstølen. Frå venstre: Lars Holen, Holen, Harald Lødøen, Bøen, Konrad Brunstad, Monsgarden, Ole H. Brudevold, Brøvollsgjerda, Ole B. K. Lade, (Brua Bastian), Alfred Tandstad. Sjå også bilde 9 i same samling. (Lokal registrering: Jon Hole 12.01.2001.)



**\*\*\* FOTOKORT \*\*\***

**FAKf-0538.00009**

Type: Positiv s/kv m. sølv

**MOTIV: Vegarbeidarar, gruppeU9, menn, kvinne, brakke,**

Kommune: Sykkylven

Datering: 1937-19371

905

Distrikt: Velledalen

Format: 6.0 x9.0 cm

Adresse: Myrdalen

Tilstand: Nokså bra

Gnr.:

Klausul: Ingen

Reg.: 18.02.2002 MHU



Fotograf: Ukjend

Informant: Hole, Jon

Informant: Hole, Jon

Rådgjevar, pensjonist, f.1930

Rådgjevar, pensjonist, f.1930

---

Veganlegget Sykkylven-Stranda 1937 II. Ovanfor skiftet til Myrdalsstølen vart det oppsatt ei brakke, der vegarbeidarane budde. Murane står der enno. Då vegen var ferdig, vart brakka riven, ombygd og oppattsett attmed riksvegen ved Buvatnet. Ho vert no brukt av Statens Vegvesen. Her er nokre av arbeidarane attmed brakka. Framme: Lars Holen og kokka, Karen Hole frå Haugen på Hole, (f.1879.) Bak: Anton Strømme, Øggaplassen, Arthur Brunstad, Nygarden, ukjend, Carl C. Brunstad, Brua, Harald Lødøen (delvis gøymd) Ole B.K. Lade, ukjend. Sml. Med JH-8. (Lokal registrering: Jon Hole 12.01.2001.)

\*\*\* FOTOKORT \*\*\*


FAKf-0538.00010

Type: Positiv s/kv m. sølv

MOTIV: GruppeU10, ungdommar, bygningar, veg, bru,

Kommune: Sykkylven  
Distrikt: Velledalen  
Adresse: Bruaplassen  
Gnr.: 28.000

Datering: 1928-1930  
Format: 9.0 x14.0cm  
Tilstand: Nokså bra  
Klausul: Ingen  
Reg.: 18.02.2002 MHU



Fotograf: Hole, Sivert  
Informant: Hole, Jon  
Informant: Hole, Jon

Skogsarbeidar f.1892  
Rådgevar, pensjonist, f.1930  
Rådgevar, pensjonist, f.1930

---

Ungdomar - Brua. Framme frå vengtre: Lovise Hole, g. Aure, Signe Skylstad, Anna Hole, Bertha Skylstad, g. Sellereite, Lars A. Lade. Bak: Petter Lade, Harald Lødøen, Arne Lade, NN, Andreas Hjorthol, (bak Lars Lade.) Anna Hole frå Ola-garden, reiste til Amerika i oktober 1930, vart gift med Bernhard Sandvik, som døydde. Seinare vart ho gift med Olav Aurdal, og budde i Seattle. Ho døydde før jul i 2001. Bildet er teke ein søndag hausten 1930, nokre få dagar før ho reiste. Foto: Sivert Hole. (Lokal registrering: Jon Hole 12.01.2001.)



\*\*\* FOTOKORT \*\*\*

FAKf-0538.00011

Type: Positiv s/kv m. sølv

MOTIV: GruppeU11, ungdomar, smie, garsje,

Kommune: Sykkylven  
Distrikt: Velledalen  
Adresse: Brøvoll  
Gnr.:

Datering: 1928-1930  
Format: 9.0 x14.0cm  
Tilstand: Bra  
Klausul: Ingen  
Reg.: 18.02.2002 MHU



Fotograf: Ukjend  
Informant: Hole, Jon  
Informant: Hole, Jon

Rådgevar, pensjonist, f.1930  
Rådgevar, pensjonist, f.1930

---

Ungdomar - Brøvoll. Framme frå venstre: Berta Skylstad, Torbjørg Hjorthol, Sivert Hole, Borghild Hole. Bak: Knut Hjorthol, (Buda-Knut), Jakob J. Hole, Petter O. Hole, Hjørdis Grebstad, Johanne Brunstad, (Toregarden), Margit Hole, Sivert Hole frå Holen var heime på besøk frå Amerika, og det var hans fotoapparat som vart brukt. Om lag 1930. Bildet er teke på Brøvoll. I bakgrunnen til venstre kan ein sjå smia hans Jo-Jens og garasjen til Oskar Hole, lenger bak husa på Solberg. (Lokal registrering: Jon Hole 12.01.2001.)

\*\*\* FOTOKORT \*\*\*

FAKf-0538.00012

Type: Positiv s/kv m. sølv

MOTIV: PortrettU2, kvinner,

Kommune: Sykkylven  
Distrikt: Velledalen  
Adresse: Brøvoll  
Gnr.:

Datering: 1928-1930  
Format: 9.0 x14.0cm  
Tilstand: Bra  
Klausul: Ingen  
Reg.: 18.02.2002 MHU



Fotograf: Hole, Sivert  
Informant: Hole, Jon  
Informant: Hole, Jon

Skogsarbeidar f.1892  
Rådgevar, pensjonist, f.1930  
Rådgevar, pensjonist, f.1930

---

Signe og Berta Skylstad - Hole. Signe (f. 1914) og Berta (f.1911) var døtrene til Nils Syverson Skylstad frå Monsgarden og Thomasine Olsdtr. Bjørke. Dei kom frå Hjørundfjorden og kjøpe Haugen, bruk nr. 10 på Hole i 1918. Signe fekk seg tomt på heimgarden og sette seg opp hus der. Siste åra har ho budd på Sykkylven aldersheim. Berta vart gift Sellereite og vart bondekone på Skylstad. Siste åra har ho budd på Aldersheimen på Sæbø. Biletet er teke på Haugen, og med Regndalsfjella og Skjortebreen i bakgrunnen. (Lokal registrering: Jon Hole 12.01.2001.)



\*\*\* FOTOKORT \*\*\*


FAKf-0538.00013

Type: Positiv s/kv m. sølv

MOTIV: Båtar, ungdomsstemne, bygningar, kyrkje, sjøbud, ungdomshus,

Kommune: Sykkylven  
Distrikt: Aure  
Adresse: Aure  
Gnr.: 14.000

Datering: 1919-1921  
Format: 8.5 x14.0cm  
Tilstand: Bra  
Klausul: Ingen  
Reg.: 18.02.2002 MHU



Fotograf: Ukjend

Informant: Hole, Jon

Informant: Hole, Jon

Rådgevar, pensjonist, f.1930

Rådgevar, pensjonist, f.1930

---

Frilyndt ungdomsstemne på Aure omkring 1920,- båtar. Sjøen var raskaste og beste ferdslevegen på våre kantar før bilen kom i bruk. Frå fjordane og øyane strøynde det til folk i full-lasta båtar når det var stemne. Her er nokre av båtane som har ankra opp i Hau-bukta. Til venstre gamlekyrkja, som brann ned i 1893. Det stor kvite huset litt til høgre på biletet er sjøbuda til severin K. Aure. Heilt til høgre ungdomshuset Valhall. Det var ei såkalla Schmidt-hus, bygd av murstein. (Lokal registrering: Jon Hole 12.01.2001.)

\*\*\* FOTOKORT \*\*\*

FAKf-0538.00014

Type: Positiv s/kv m. sølv

MOTIV: Vegarbeidarar, gruppeU16, menn,

Kommune: Sykkylven  
Distrikt: Velledalen  
Adresse: Myrdalen  
Gnr.:

Datering: 1936-1936  
Format: 6.0 x9.0 cm  
Tilstand: Bra  
Klausul: Ingen  
Reg.: 18.02.2002 MHU



Fotograf: Ukjend

Informant: Hole, Jon

Informant: Hole, Jon

Rådgjevar, pensjonist, f.1930

Rådgjevar, pensjonist, f.1930

Før arbeidet med den nye veglina gjennom Myrdalen til Stranda kom i gang, vart den gamle bygdevegen gjennom Velledalen både omlagt og utvida på fleire stadar. Det var ein god del strid i bygda om vegvalet til Stranda. Somme meinte at vegen burde gå gjennom Ladalen til Fausa, vidare over fjellet til Stranda. Andre held på ei vegline gjennom Myrdalen, forbi Myrdalsstølen og setrane som hører til Stranda. Det siste alternativet vann fram til slutt. Arbeidet på vegen vart for det meste utført som akkordarbeid. Kvart arbeidslag på 6-7 mann hadde ein akkordformann. Ovanfor skiftet til Myrdalsstølen vart det oppsett ei brakke, der vegarbeidarane budde. Murane står der enno. Då vegen var ferdig, vart brakka riven, ombygd og oppattsett attmed riksvegen ved Buvatnet. Ho vert no brukt av Statens Vegvesen. Her er nokre av arbeidskarane att med brakka, 01. Henrik B. Velle, 02. Andreas Aasen, 03. Alfred Tandstad, 04. Peder Aasen, 05. Ole Bastian Lade, 06. Anton Strøm, 07. NN, 08. Peder Holmberg, 09. NN, 10. Lars Holen, 11. NN, 12. NN, 13. NN, 14. NN, 15. Harald Lødøen, 16. Petter (Pit) Bøen. (Lokal registrering: Jon Hole 12.01.2001.)





FAKf-0538.00014

- |    |          |              |
|----|----------|--------------|
| 1  | Velle    | Henrik B.    |
| 2  | Aasen    | Andreas      |
| 3  | Tandstad | Alfred       |
| 4  | Aasen    | Peder        |
| 5  | Lade     | Ole Bastian  |
| 6  | Strøm    | Anton        |
| 7  | NN       |              |
| 8  | Holmberg | Peder        |
| 9  | NN       |              |
| 10 | Holen    | Lars         |
| 11 | NN       |              |
| 12 | NN       |              |
| 13 | NN       |              |
| 14 | NN       |              |
| 15 | Løddøen  | Harald       |
| 16 | Bøen     | Petter (Pif) |